



Saksmappe: 2021/615
Sakshandsamar: NBK
Dato: 26.11.2021

SAKSFRAMLEGG

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
117/21	Plan, miljø- og ressursutvalet	14.12.2021

Høyring av melding og forslag til konsekvensutgreiingsprogram for kraftutbygging i Syrtveitsfossen i Evje og Hornnes kommune, Agder

Plan, miljø- og ressursutvalet si handsaming av sak 117/2021 i møte den 14.12.2021:

Handsaming:

Kommunedirektøren si innstilling blei samrøystes vedteken

Vedtak:

Bygland kommune ynskjer med dette å gi fylgjande innspel til konsekvensutgreiingsprogrammet:

- 1.Bygland kommune ønsker ei utgreiing som viser eventuelle positive og negative ringverknader og konsekvensar for næringsliv og sysselsetting i regionen dersom vassføringa i Syrtveitsfossen blir endra ved utbygging.
- 2.Bygland kommune er oppteken av at det blir greia ut korleis effektkøyringa påverkar sommarvasstanden i Byglandsfjorden.
- 3.Bygland kommune meiner det er sær viktig med ei utgreiing for tovegs fiskevandring forbi dam Byglandsfjord av omsyn til bleke - og aurebestand. Vidare meiner Bygland kommune at det er viktig å greie ut korleis tiltaket vil påverke storaure og den lokale aurevarianten, marmoraure.
- 4.Bygland kommune meiner det er viktig å utgreie kva vassføring og minstevassføring som er til beste for bleke og aure. Det må vurderast eit miljøvenleg tapperegime som er tilpassa fiskeartane i Syrtveitsfossen.
- 5.Det bør utgreiast korleis vass temperatur i fossen blir endra ved lågare vassføring, og kva verknad dette vil gje på botndyr- og fiskesamfunn. Dette fordi minstevassføringsstrekket vil kunne få fleire episodar med underkjølt vatn vinterstid, og kritisk høge temperaturar (over 20 grader) sommarstid. Vil slike situasjonar vere uheldig for fiskebestandane ?
- 6.Det må utgreiast korleis næringstilgangen til fisk blir endra ved lågare vassføring i Syrtveitsfossen.

Kommunedirektøren si innstilling:

Bygland kommune ynskjer med dette å gi fylgjande innspel til konsekvensutgreiingsprogrammet:

1. Bygland kommune ønsker ei utgreiing som viser eventuelle positive og negative ringverknader og konsekvensar for næringsliv og sysselsetting i regionen dersom vassføringa i Syrtveitsfossen blir endra ved utbygging.
2. Bygland kommune er oppteken av at det blir greia ut korleis effektkøyringa påverkar sommarvasstanden i Byglandsfjorden.
3. Bygland kommune meiner det er særst viktig med ei utgreiing for tovegs fiskevandring forbi dam Byglandsfjord av omsyn til bleke - og aurebestand. Vidare meiner Bygland kommune at det er viktig å greie ut korleis tiltaket vil påverke storaure og den lokale aurevarianten, marmoraure.
4. Bygland kommune meiner det er viktig å utgreie kva vassføring og minstevassføring som er til beste for bleke og aure. Det må vurderast eit miljøvenleg tapperegime som er tilpassa fiskeartane i Syrtveitsfossen.
5. Det bør utgreiast korleis vassstemperatur i fossen blir endra ved lågare vassføring, og kva verknad dette vil gje på botndyr- og fiskesamfunn. Dette fordi minstevassføringsstrekket vil kunne få fleire episodar med underkjølt vatn vinterstid, og kritisk høge temperaturar (over 20 grader) sommarstid. Vil slike situasjonar vere uheldig for fiskebestandane ?
6. Det må utgreiast korleis næringstilgangen til fisk blir endra ved lågare vassføring i Syrtveitsfossen.

SAKSUTGREIING

Bakgrunn for saka

Norges Vassdrags- og Energidirektorat (NVE) har mottatt ei melding frå Agder Energi Vannkraft AS om utbygging av kraftverk i Syrtveitsfossen (vedlegg 1). Meldinga er sendt på høyring med høyringsfrist 15. desember 2021. NVE heldt folkemøte om saka 17. november på Evjemoen kino.

Formålet til meldinga frå Agder Energi Vannkraft AS (AEVK) er å informere alle relevante myndigheiter, grunneigare, organisasjonar og befolkninga i området om at planlegginga av Syrtveit Kraftverk er i gong.

Gjennom meldinga ønsker AEVK at interessentar skal bli kjent med utbyggingsplanane, og dermed kunne bidra med innspel til et utredningsprogram. Hensikten med utredningsprogrammet er å klarlegge dei verknader som utbygginga kan gi, og det vil danne grunnlaget for konsekvensutredningar som skal gjennomførast.

NVE ønsker å få innspel til kva utredningar som bør gjennomførast før det utarbeidast konsesjonssøknad om bygging av kraftverket (vedlegg 2).

Vedlagt følger forslag til utredningsprogram (vedlegg 3) og brosjyre frå AEVK som beskriver tiltaket (vedlegg 4).

Under er disse dokumenta kort oppsummert:

Syrtveit kraftverk planleggast for å utnytte fallet på ca. 16,5-18,0 m. Kraftverket blir liggande på vestsida av Otra. Like oppstrøms dam Byglandsfjord leiast vann via støypt kanal inn i ein tunell som munnar ut i Otra nedstrøms Syrtveitsfossen. Endeleg plassering ikkje bestemt.

Det er to hovudalternativ for utløpet, hhv. opp- og nedstrøms Lislefoss. Foreløpige produksjonsberekningar basert på utnyttelse av bruttofall på 1,5 m, slukeevne 135 m³/s, og 15 m³ minstevassføring (gjeldande manøvreringsreglement til Otteraaens Brugseierforening) gir en midlere kraftproduksjon på ca. 117 GWh/år og maksimal effekt 20 MW. Ein fallutnyttelse på 18,0 m og slukeevne på 165 m³/s vil gi ein midlere kraftproduksjon på ca. 125 GWh/år og maks effekt 25MW.

Agder Energi Vannkraft sine forventa problemstillinger er oppsummert i vedlegg 3, kap 8. I den vidare saksframstillinga har Kommunedirektøren vurdert dei momenta som ein meiner er viktige for Bygland kommune.

Agder Energi sitt forslag til utredningsprogram.

Ein konsekvensutredning skal greia ut om tiltakets verknadar for miljø, naturressursar og samfunn. Hensikten med å utarbeide forslag til utredningsprogram er bl.a. at ein tidleg i planarbeidet får oversikt over hvilke problemstillinger som skal belysast. Kunnskapen som skaffast til veie skal ligge til grunn for dei vedtak som seinare skal fattast. Agder Energi sine vurderingar til utredningsprogram kjem fram i kapittel 10 i vedlegg 3.

Formelt grunnlag

- NVE sitt høyringsskriv datert 25.10.2021 (sjå vedlegg nr 2)

Vurderingar og konsekvensar

Bygland kommune meiner forslag til utredningsprogram dekker dei problemstillingar som tiltaket råkar i stor grad.

Følgande temaområder ønsker Bygland kommune det bør bli lagt vekt på:

Samfunn, næringsliv og sysselsetting

Bygland kommune grenser til Evje- og Hornnes kommune like nord for tiltaket. Kommunen er i same region, og hev mange satsingsområde opp mot næringsutvikling, naturbasert reiseliv og turisme. Bygland kommune har positive ringverknader frå dei aktivitetar som er i Syrtveitssfossen i dag, spesielt gjennom Troll Aktiv sin aktivitet, men også sjølvve fossen som ei unik oppleving for tilreisande. Dette gje positive ringverknader til Bygland kommune i form av auka aktivitet og handel (butikkar, hotell, campingplassar, utleige av leilegheiter, hytter og hus).

Bygland kommune ønsker ei utgreiing som viser eventuelle positive og negative ringverknader og konsekvensar for næringsliv og sysselsetting i regionen dersom aktivitet i Syrtveitsfossen blir endra grunna kraftutbygginga.

Sumarvasstand Byglandsfjorden

For Bygland kommune er det viktig at sumarvasstanden i Byglandsfjorden er mest mogleg stabil. Vasstand over 202,5 moh bør ikkje førekome av omsyn til badestrender. Vasstand under kote 202,0 moh vil gjere at eksisterande bryggjeanlegg ikkje fungerer etter hensikta. Korleis vil effektkøyring gjennom døgnet påverke vasstanden i fjorden med tanke på spesielt strender, bryggjeanlegg og båtliv ?

For Bygland kommune er det viktig at vasstandregimet i Byglandsfjorden ikkje endrast frå dagens. Bygland kommune er oppteken av at det blir greia ut korleis effektkøyringa påverkar sommarvasstanden.

Naturmiljø fisk.

Fiskebestanden i denne delen av vassdraget består av bleke, aure, ørekyte, ål og bekkerøye.

Fiskevandring

Bleka er ein relikvt laks som er ein særeigen art på nasjonalt og internasjonalt nivå. Etter fleire tiår med bestandsstøttande tiltak i form av fiskeutsett, rognutsett, fysiske tiltak i vassdraget, så er det nå dokumentert ein viss eigenrekruttering spesielt i dei Søndre delar av Byglandsfjorden, Vassenden. Det er eit viktig gyte- og oppvekstområde til bleka som ligg like nord for dam Byglandsfjord.

I sjølve Syrtveitsfossen er det gjennom ei årrekke dokumentert god førekomst av bleke i alle aldersgrupper. Det er dokumentert merka/individmerka bleker som har vandra ned i Syrtveitsfossen frå Byglandsfjorden, og bleker som har vandra opp til Syrtveitsfossen frå Breiflå-/Kilefjorden. I dag er Syrtveitsfossen den lokaliteten bleka har best bestandsstatus opp mot livskraftig og haustbar bestand i heile vassdraget. Lokaliteten er som ein «sikringsbestand» å rekne. I dag er Syrtveitsfossen ein av de lokalitetane i heile vassdraget ein kan vere sikra fangst av bleke ved sportsfiske.

Før reguleringa av vassdraget vandra bleke og aure mellom Kilefjorden og Hallandsfossen. Dette gav ein god genetisk utveksling og en sunn fiskebestand. Etter nåledammen i Syrtveitsfossen ble byttet ut med betongdam i 1974 ble vandringshinder for fisk absolutt. Ingen fisk kan vandre frå elv nedstrøms og opp til Byglandsfjorden. Dette er svært uheldig og negativt for fiskebestandane med tanke på genetisk utveksling og vandring mellom elv-fjordsystem.

Syrtveitsfossen er kjent for å ha eit godt aurefiske gjennom sesongen. Årleg blir det fanget aure på 1-4 kilo i denne delen av vassdraget. I Otravassdraget, og spesielt i Syrtveitsfossen er det innslag av en lokal variant av aure, lokalt kalla «marmoraure». Denne auren har et særeigent marmormønster som ikkje er å finne i andre vassdrag i Norge. I dag kjem mange interesserte sportsfiskarar til Syrtveit for å fiske denne spesielle aurevarianten.

Bygland kommune meiner det er særst viktig med ei utgreiing for tovegs fiskevandring forbi dam Byglandsfjord av omsut til bleke- og aurebestand.

Bygland kommune meiner det er viktig å utgreie korleis tiltaket vil påverke aurebestanden i området, spesielt fokus på storaure og den lokale aurevarianten, marmoraure.

Minstevassføring

Syrteitsfossen er eit viktig gyte - og oppvekstområde, så det er viktig å utreie korleis bleke, aure og ørekyte responderer på redusert vassføring og endra vasstraum i fossen i de ulike livsfasar. I ungfiskstadiet trivast som kjent bleke best i hurtigrennande vatn. Det bør vurderast om konkurranse mellom bleke, aure og ørekyte bli endra ved lågare vassføring. Det er viktig å ha eit miljøvenleg tapperegime der ein unngår stranding av rogn og fisk.

Bygland kommune meiner det er viktig å utgreie kva vassføring, minstevassføring som er til beste for bleke og aure. Det må vurderast eit miljøvenleg tapperigime som er tilpassa fiskeartane i Syrtveitsfossen.

Vasstemperatur

Det bør utreies korleis vasstemperatur vil endrast i fossen ved lågare vassføring og kva verknad dette vil gje på botndyr- og fiskesamfunn. Viktig å vurdere om minstevassføringsstrekket vil få fleire periodar med underkjølt vatn vinterstid og kritisk høge temperaturar (over 20 grader) sommarstid.

Endra produksjonsgrunnlag

Med fossens plassering like nedstrøms dam Byglandsfjord, så har dette området ekstra god næringstilgang i form av høy biomasse av spesielt planktoniske krepsdyr som driv ut av Byglandsfjorden. Dette er viktig næring for både bleke og aure. Avkastninga målt i fiskeproduksjon pr. vannareal i slike områder er høg.

Fiskefagleg er det ønskeleg å få belyst korleis næringstilgangen for bleke og aure blir i Syrtveitsfossen når vann føring i periodar blir redusert med 135-165m³. Tilførsel av dyreplankton og andre næringskomponentar frå Byglandsfjorden kan bli sterkt nedsett. Spesielt dyreplanktonet (gelekreps) er av stor betydning som næring til bleke og aure i perioden juli-september.

Fisk i Syrtveitsfossen er kjent for å være av god kvalitet (rød farge). Korleis endrast denne næringstilførselen ved tunelloverføring? Kor mykje blir produksjonspotensialet for fisk i fossen redusert?

Det må utgreiast korleis næringstilgangen til fisk blir endra ved lågare vassføring i Syrtveitsfossen.

Bygland, **26.11.2021**

Kommunedirektør

Vedlegg:

- 1 Kunngjøring NVE.pdf
- 2 Høring NVE.pdf
- 3 Forslag til utredning AE.pdf

4 Brosjyre AE.pdf

Melding om vedtak blir sendt til: NVE via e-post til uttalelse@nve.no